

Fra: Audun Rundhovde <audun@rundhovde.com>
Sendt: torsdag 18. mai 2023 21:57
Til: Post Osterøy
Kopi: Heidi Molvik Rundhovde
Emne: Krav om retting av feil i matrikkelen - gnr 135, bnr 9
Vedlegg: krav-om-retting-av-feil-og-manglar-i-matrikkelen_135-9.pdf; Vedlegg 1 - Kart med grensekorrigerering.pdf; Vedlegg 2 - Bruk 135-9 i utskiftningsdokumentet.docx; Vedlegg 3 - Overudskiftning på Rønhovde Matr.No. 114 i Hammers Thinglag Søndre Bergenhus Amt.pdf; Vedlegg 4 - Utsnitt flyfoto 1951 - henta frå 1881.PNG

I matrikkelen er austre grense for 135/9 i Osterøy kommune vist feil. Grensa er gitt i utskiftningsdokumentet som vart tinglyst i 1891, der det m.a. står at den austre grensa går i ei rett line frå eit merke på berget opp for sjøen og til øvre hjørna. Steingarden som vart bygd etter utskiftinga går i rett line. I kartet er det seinare kome inn fleire knekk i grensa. Vi ber om at dette vert retta opp.

Fylgjande dokument kjem som vedlegg.

1. Krav om retting, signert av oss og av eigarane av bruk nummer 4 og bruk nummer 59.
Vedlegg 1: Kart som viser grensekorrigeringa vi ber om
Vedlegg 2: Tekst i utskiftningsdokumentet som viser austre grense for eigedomen
Vedlegg 3: Utskiftningsdokumentet, avskrift frå Statsarkivet i Bergen
Vedlegg 4: Flyfoto frå 1951 (henta frå kart.1881.no) som viser steingard i rett line opp frå sjøen.

Med helsing

Audun Rundhovde og Heidi Molvik Rundhovde